Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 994 315 579 |
| Organisasjonsform: | Stiftelse |
| Foretaksnavn: | STIFTINGA RASOFIELGARDEN |
| Forretningsadresse: | Rasofielgarden |
| | 6060 HAREID |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Øyvind Grimstad Gryt |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 03.06.2025 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 24.08.2025

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Anna driftsinntekt | | 75 000 | 75 000 |
| **Sum inntekter** | | **75 000** | **75 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Annan driftskostnad | | 80 248 | 94 005 |
| **Sum kostnader** | | **80 248** | **94 005** |
| **Driftsresultat** | | **-5 248** | **-19 005** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 286 | 234 |
| **Sum finansinntekter** | | **286** | **234** |
| Annan rentekostnad | | 0 | 19 |
| **Sum finanskostnader** | | **0** | **19** |
| **Netto finans** | | **286** | **215** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **-4 962** | **-18 790** |
| **Årsresultat** | | **-4 962** | **-18 790** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | | 2 868 500 | 2 868 500 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **2 868 500** | **2 868 500** |
| **Finansielle anleggsmiddel** | | | |
| Andre krav | | 252 208 | 0 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **252 208** | **0** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **3 120 708** | **2 868 500** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundekrav | | 1 964 | 8 456 |
| **Sum krav** | | **1 964** | **8 456** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 275 326 | 39 154 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **275 326** | **39 154** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **277 290** | **47 610** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **3 397 998** | **2 916 110** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Selskapskapital | | 2 843 826 | 2 848 789 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **2 843 826** | **2 848 789** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Sum eigenkapital** | | **2 843 826** | **2 848 789** |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| **Sum gjeld** | | **0** | **0** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **2 843 826** | **2 848 789** |

Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

| | |
|---|---|
| Journalnummer: | 2025 750473 |

## Enheten

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 994 315 579 |
| Organisasjonsform: | Stiftelse |
| Foretaksnavn: | STIFTINGA RASOFIELGARDEN |
| Forretningsadresse: | Rasofielgarden<br>6060 HAREID |

## Regnskapsår

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |

## Konsern

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

## Regnskapsregler

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

## Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Øyvind Grimstad Gryt |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 03.06.2025 |

## Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 23.08.2025

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

**Organisasjonsnr: 994 315 579**
**STIFTINGA RASOFIELGARDEN**

## RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Anna driftsinntekt | | 75 000 | 75 000 |
| **Sum inntekter** | | **75 000** | **75 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Annan driftskostnad | | 80 248 | 94 005 |
| **Sum kostnader** | | **80 248** | **94 005** |
| **Driftsresultat** | | **-5 248** | **-19 005** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 286 | 234 |
| **Sum finansinntekter** | | **286** | **234** |
| Annan rentekostnad | | 0 | 19 |
| **Sum finanskostnader** | | **0** | **19** |
| **Netto finans** | | **286** | **215** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **-4 962** | **-18 790** |
| **Årsresultat** | | **-4 962** | **-18 790** |

**Organisasjonsnr: 994 315 579**
**STIFTINGA RASOFIELGARDEN**

## BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | | 2 868 500 | 2 868 500 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **2 868 500** | **2 868 500** |
| **Finansielle anleggsmiddel** | | | |
| Andre krav | | 252 208 | 0 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **252 208** | **0** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **3 120 708** | **2 868 500** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundekrav | | 1 964 | 8 456 |
| **Sum krav** | | **1 964** | **8 456** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 275 326 | 39 154 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **275 326** | **39 154** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **277 290** | **47 610** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **3 397 998** | **2 916 110** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Selskapskapital | | 2 843 826 | 2 848 789 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **2 843 826** | **2 848 789** |
| **Sum eigenkapital** | | **2 843 826** | **2 848 789** |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| **Sum gjeld** | | **0** | **0** |

| | | |
|---|---|---|
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **2 843 826** | **2 848 789** |

**Organisasjonsnr: 994 315 579**
**STIFTINGA RASOFIELGARDEN**

## NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

**Note**

**Tal på årsverk i rekneskapsåret**
0.00

| Sum | Beløp |
| --- | --- |

**Note**

**Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar**

| Anskaffingskost 01.01. | Varige driftsmiddel | Immaterielle eiged. |
| --- | --- | --- |
| | 60776.00 | |

| Balanseført verdi 31.12. | Varige driftsmiddel | Immaterielle eiged. |
| --- | --- | --- |

| Årets av-/nedskriv. | Varige driftsmiddel | Immaterielle eiged. |
| --- | --- | --- |
| | 0.00 | |

**Anskaffingskost - balanseførte lånekostnader, eigentilvirka anleggsmiddel**

**Goodwill spesifisert for kvar enkelt verksemdkjøp**

**Avskrivingsplan for goodwill som er lenger enn fem år - begrunning**

**Meir om varige driftsmiddel/immaterielle eigedelar**

**Konsernrekneskap**

**Morselskapet sitt namn**

**Forretningskontor for morselskapet**

**Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa**

| Samla beløp - tilknytt selskap | Årets | Fjorårets |
| --- | --- | --- |

| Samla beløp - føretak i samme konsern | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samla beløp - føretak i samme konsern | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samla beløp - felles kontrollert verksemd | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Pantstillingar | Beløp |
|---|---|

| Behaldning av eigne aksjar | Tal på aksjar | Pålydande | Andel av aksjek. |
|---|---|---|---|

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Org.nr. 934 863 844

Til styret i stiftinga Rasofielgarden

6060 HAREID

## REVISJONSMELDING 2024

### Uttalelse om årsrekneskapen

*Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for stiftinga Rasofielgarden som viser eit underskot på kr. 4.962,78. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2024 med notar som beskriver nytta rekneskapssprinsipp og andre relevante opplysningar.
Stiftelseskapitalen pr 31.12.2024 utgjer kr 2.868.500,- medan fri kapital er negativ med kr. 24.763,-.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av stiftinga si finansielle stilling pr 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Norge.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskreve i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Øvrig informasjon*

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

*Styret og leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk. Styret og leiinga har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gi uttykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheita av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avlegginga av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsberetninga henlede oppmerksomheita på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkeleg, at vi modifiserar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Våre konklusjonar er basert på revisjonsbevis innhenta inntil dato for revisjonsberetning.
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserar med styret blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

**Uttalelser om øvrige lovmessige krav**

*Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapen som beskrevet ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtekter for øvrig.

Larsnes 02.06.2025

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-statsautorisert revisor-

Revisjon
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

# *STIFTINGA RASOFIELGARDEN*
# *ÅRSMELDING FOR 2024*

Stiftinga vart stifta 14.8.2008 med organisasjonsnummer 994 315 579.

**STYRET I ÅRET**

| | | |
|---|---|---|
| Runar Haddal | Vald av Vonheims Venner | leiar |
| Aud Grimstad | Vald av Vonheims Venner | styremedlem |
| Oddvar Haugen | Vald av kommunestyret | kasserar |
| Øyvind Grimstad Gryt | « | byggtilsyn |
| Annika Hove | « | skrivar |
| | | |
| Sverre Jarl Ulstein | « | 1. varamedlem |
| Audun Ulstein | « | 2. varamedlem |
| Ann Helen Grimstad Worren | « | 3. varamedlem |

**VERKSEMDA SI ART**

Rasofielgarden ligg i Bigset i Hareid Kommune. Føremålet er å ta vare på Rasofielgarden Vonheim med alle dei kulturskattane som høyrer til. Dette gjeld boksamling, målarkunst, treskurd, fotosamling, historiske skrifter og notat frå fleire av kunstnarane som har vakse opp her, og møblar og inventar. Stiftinga har ikkje økonomiske føremål.

**DRIFT I ÅRET 2024**

Det var moderat med aktivitet i 2024, men nokre arrangement vart det saman med Vonheims Venner, som gjerne har organisert og leia desse, dvs. **Aud Grimstad**. **Lyrikk-kvelden** i samband med **Hareidstemneveka** i oktober må då nemnast. Anvor Sukka las dikt som mora hadde skrive, Dag Snipsøyr deklamerte dikt, og det nystarta lokale gruppa *Ringstar* underheldt med musikk.

Det var som vanleg heldt **ope hus på 17.mai** der det vart vart fortalt om huset og Rise-slekta. Mange kom innom og viste interesse. Ekstra kjekt var det at fleire ungdomar ville høyre historia, dei hadde mange spørsmål, og var faktisk dei siste gjestane som forlet huset litt etter kl 18:00.

**Runar Haddal** fekk gode tilbakemeldingar, og 3000 kroner til stiftinga, etter presentasjonen han ga til **Senioruniversitetet** i Ulsteinvik. Han valde denne gongen å bruke mesteparten av tida på historia om dei 12 gåverike borna til Augusta og Rasofiel. Dette var ukjende historier for dei fleste i forsamlinga, og tilbakemeldingane vart difor ekstra positive. Slik vart det i alle fall forklart til foredragshaldaren.

**Kaldholslekta**, som hadde slektstemne, fekk presentasjon og omvisning på Vonheim. Dei sponsa reparasjon av takluka som måtte til glasmeister etter at eit glas hadde losna, med litt lekkasje som resultat. Stor takk til **Øyvind Grimstad Gryt** og **Joachim Moldskred** som tok ansvar for å første hente den ned, deretter installere ferdig renovert takluke etter oppgradering i Ørsta.

Stiftinga fekk i 2024 ei flott gåve frå **Arna Rise**, enka etter kunstnaren **Steinar Rise** som døydde i 2023. Stiftinga kunne fritt velje maleri i samlinga til Steinar. **Runar Haddal** køyrde til Stavern og henta 40 maleri til Vonheim. Stor takk til Arna! Stiftinga står heilt fritt m.o.t. kva dei vil gjere med desse maleria. Stor takk til **Sparebanken Møre** som skjenka to maleri av Hermod Rise til stiftinga. Begge desse kunstgåvene fekk flott omtale i Vikebladet.

Stor takk også til **Ester Helene Bachke** som plantar og steller i blomsterbed, **Magne Smoge** som klipper plenen, og **Fredrik Bjåstad** som slår attelega nedanfor bygdetunet (beitepussing). Styret vil også rette ei takk til **Liz-Mirjam Saanum Haddal** som pynta **Vonheim i juleskrud**. Fleire har uttrykt glede over å sjå juletreet lyse koseleg gjennom vindauga i førjulstida.

**ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING**
Stiftinga har ingen tilsette, men samarbeidet i stiftinga sitt styre er godt. Kjønnsfordelinga i styret med 5 medlemmar er 40% kvinner og 60% menn. Stiftinga si haldning er at det skal vere ei jamnast mogleg fordeling av kvinner og menn i styret.

**YTRE MILJØ**
Stiftinga har ikkje noko ved seg som kan forureine det ytre miljøet.

**VIDARE DRIFT**
Styret er budd på å prioritere faste utgifter, og deretter vurdere løpande påkostnad og vedlikehald, og å informere Hareid Kommune om stoda, år for år. Det er likevel ikkje tvil om at stiftinga vil stå overfor utfordringar dei komande åra m.o.t. huset og behov for vedlikehald. Behovet er stort allereie, og det vert ikkje mindre med åra. Mot slutten av året fekk stiftinga ei stor pengegåve frå **Vonheims Venner,** omlag 254.000 kroner. Etter vedtak i styret vart denne venneforeininga til Vonheim lagt ned med effekt frå 1. januar 2025. Ut frå dette og med vising til rekneskapstala for 2024, med eit underskot på kr -4 962,78, ser styret det slik at det er grunnlag for vidare drift av stiftinga, men det er heilt klart at inntektene må opp, og der det er mogleg, kostnadane må ned.

**ÅRSREKNESKAPEN**
Etter det styret kjenner til, har det ikkje hendt noko etter utgangen av rekneskapsåret som har verknad for stiftinga si stilling eller resultat.

**OVERSKOT**
Styret godkjenner underskot på kr. -4 962,78 for 2024. Den opphavelege stiftingskapitalen på kr. 2.868.500,- står ved lag.

Bigset, 3. juni 2025

Runar Haddal
leiar

Annika Hove
skrivar

Oddvar Haugen
kasserar

Øyvind Grimstad Gryt
Styremedlem

Aud Grimstad
styremedlem

# BALANSE PR. 31.12.2024

**STIFTINGA RASOFIELGARDEN org 994 315 579**

**EIGEDELAR**

| ANLEGGSMIDLAR | note | 2024 | 2023 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Bygning | 3 | 2 868 500,00 | 2 868 500,00 | 2 868 500,00 |
| Statue | | 50 000,00 | 50 000,00 | 50 000,00 |
| Andel i allskog SA | 5 | 3 000,00 | 3 000,00 | 3 000,00 |
| Midlar avsett til skogfond ( Landbruksdir-Fylkesm) | 5 | 7 776,00 | 7 776,00 | 7 776,00 |
| **Sum anleggsmidlar** | | 2 929 276,00 | 2 929 276,00 | 2 929 276,00 |
| **OMLØPSMIDLAR** | | | | |
| Bankinnskot 3910.41.12378 | | 14 571,00 | 24 285,00 | 24 051,00 |
| Bankinnskot 3910.35.85744 | | 260 755,27 | 14 869,14 | 35 916,02 |
| Debitorar | | 23 397,72 | 19 117,34 | 16 793,69 |
| **SUM EIGEDELAR** | | **3 227 999,99** | **2 987 547,48** | **3 006 036,71** |

**GJELD OG EIGENKAPITAL**

| **EIGENKAPITAL** | note | 2024 | 2023 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Stiftelsekapital | 3 | 2 868 500,00 | 2 868 500,00 | 2 868 500,00 |
| Opptent over/underskot 01.01. | | -119 710,42 | -100 919,71 | -106 862,66 |
| Oppløyst avsetning | 4 | 100 000,00 | 100 000,00 | 100 000,00 |
| Årsresultat | | -4 962,78 | -18 790,71 | 5 942,95 |
| Sum eigenkapital 31.12. | | 2 843 826,80 | 2 848 789,58 | 2 867 580,29 |
| Andre avsetningar/forpliktelsar | 4 | 130 000,00 | 130 000,00 | 130 000,00 |
| Langsiktig gjeld | | | | |
| **Sum langsiktig gjeld/forpliktelse** | | 130 000,00 | 130 000,00 | 130 000,00 |
| **Kortsiktig gjeld** | | | | |
| Leverandørgjeld | | 1 964,52 | 8 757,90 | 8 456,42 |
| Fordring Vonheims venner | | 252 208,67 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | 254 173,19 | 8 757,90 | 8 456,42 |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | | **3 227 999,99** | **2 987 547,48** | **3 006 036,71** |

**Hareid den** 04.06.2025

**Runar Haddal**
leiar

**Oddvar Haugen**

**Annika Hove**

**Aud Grimstad**

**Øyvind Grimstad Gryt**

**Stiftinga Rasofielgarden**

# RESULTATREKNESKAP 2024

## STIFTINGA RASOFIELGARDEN org nr 994 315 579

| DRIFTSINNTEKTER | note | 2024 | 2023 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Salgsinntekter | 1 | | | |
| Komm. tilskot | 1 | 75 000,00 | 75 000,00 | 75 000,00 |
| Tilskot frå andre, gåver | 1 | | | |
| Sum driftsinntekter | | 75 000,00 | 75 000,00 | 75 000,00 |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | | |
| Forsikringar | | 21 188,68 | 18 227,32 | 14 757,34 |
| Alarm, årsavg og kontroll | | 9 177,18 | 8 379,03 | 7 713,09 |
| Straum | | 19 023,37 | 21 494,30 | 22 187,90 |
| Komm.avgifter | | 8 744,05 | 8 337,69 | 7 741,21 |
| Leie datasystem | | 1 061,90 | 1 081,50 | 1 292,50 |
| Kontorutgifter, kontigenter ol | | | | |
| Rekneskapshonorar | | 13 571,10 | 15 912,47 | 7 300,01 |
| Revisjonshonorar | | 0,00 | 3 000,00 | 2 625,00 |
| Kontingent Allskog | | 600,00 | 600,00 | 600,00 |
| Gave | | 0,00 | 0,00 | |
| Årsgebyr Stiftelsetilsynet | | 5 390,00 | 5 390,00 | 4 640,00 |
| Bankgebyr | | 105,00 | 108,50 | 98,00 |
| Andre konstnader | | 1 387,50 | 11 475,00 | |
| Sum driftskostnader | | 80 248,78 | 94 005,81 | 68 955,05 |
| **Driftsresultat** | | **-5 248,78** | **-19 005,81** | **6 044,95** |
| **FINANSINNTEKTER/KOSTNADER** | | | | |
| Renteinntekter | | 286,00 | 234,00 | 23,00 |
| Renteutgifter/lånekostnader og inkassogebyr | | 0,00 | -18,90 | -125,00 |
| Netto finans | | 286,00 | 215,10 | -102,00 |
| **Resultat** | | **-4 962,78** | **-18 790,71** | **5 942,95** |
| **EKSTRAORD. INNT./KOSTNADER** | | | | |
| Sum ekstraordinære inntekter/kostnader | | | | |
| **ÅRSRESULTAT (overskot + /underskot -)** | | **-4 962,78** | **-18 790,71** | **5 942,95** |
| **Overføringer** | | | | |
| Overført til andre forpliktelser | | | | |
| Overført til annen eigenkapital | | -4 962,78 | -18 790,71 | 5 942,95 |
| Overført fra annen eigenkapital | | | | |
| **Sum overføringar** | | **-4 962,78** | **-18 790,71** | **5 942,95** |

**Stiftinga Rasofielgarden**

# NOTAR til rekneskap/balanse 2023

## STIFTINGA RASOFIELGARDEN

Stiftinga vart stifta 14.8.2008 og registrert i Brønnøysundregistra 5.11.2009.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vart valt til revisor frå rekneskapsåret 2011, registrert 22.02.2012.
Stiftinga sitt styre er samansatt av 3 representantar valt av Hareid kommune og 2 representantar vert valt av Vonheims venner

## NOTE 1: Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk.
Innteksføring etter kontantprinsippet
Bygninger er vurdert ved takst ved anskaffelsen

## NOTE 2 Tilsette, godtgjersle ovs

Stiftinga har ingen tilsette, og det er ikkje utbetalt godtgjersle til styret.

## NOTE 3 Anleggsmidlar

Stiftelsekapitalen er ein fast eigedom gitt av opprettaren til ein verdi av kr 2.868.500,-
Det er ikkje føreteke avskriving, då eigedommen vert vurdert å ha evig levetid ved normalt vedlikehald.

## NOTE 4 Andre forpliktelsar

Det er under planlegging å oppføre løebygning og magasin. Tilskot som er motteke, er delvis avsett til dette formålet.